

**ÅRSMELDING**  
**FOR**  
**ØRSKOGHISTORIELAG**  
**ÅR: 2018**



Datering: 1953 - 1955

Motiv: Frå Lande mot Sjøholt

Utgivar: Nor Flyselskap A.s.

Eigar: Ole Øystein Nybø

Merknad: Datering ut frå at Eidefabrikken er under oppattbygging etter brannen.

**BYGDEVANDRING LANDE/BÅRDSGJERDE**  
**26. AUGUST 2018**



**På veg opp bakkane mot Bårdsgjerde. Nokre regndropar, men eit godt lyttande publikum.**



**Vi fekk god informasjon av fleire. Her er Tore Gjære i aksjon rett aust for «Husmorskulen.»**



# Å R S M E L D I N G

## Ø R S K O G H I S T O R I E L A G

### Å R: 2 0 1 8

**ØRSKOG HISTORIELAG** vart stifta i 1985. Dato for skipingsmøtet var 16. april 1985.

#### **§1 i laget sine lover lyder:**

*Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.*

*Dette kan gjerast ved:*

*a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfang.*

*c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredrag.*

**ÅRSMØTET** i Ørskog Historielag vart halde på Kyrkjetoget 7. mars 2018.

19 personar var til stades. Ulike formalitetar knytta til årsmøtet vart vedteke.

Årsmeldinga for 2017 og rekneskapen for 2017 vart godkjende.

Budsjett for 2018 vart vedteke. Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda/årsmøtet. Nokre få namn mangla. Styret fekk fullmakt til å få på plass leiar for Fotoregistreringsnemnda. Valnemnd var: Karin Årdal, Jan Lande og Jarle Erstad.

Arbeidsoppgåver for år 2018 vart drøfta, og ulike prosjekt vart prioriterte.

Årspengane for år 2019 vart ikkje endra og er då 325 kr. Kaffi/te og kake undervegs i møtet.

Etter vala på årsmøtet og konstituering i styremøte 11. april, har styret vore samansett slik:

#### **Styret:**

- Ragnar Bakken	leiar
- Valborg Haugen	nestleiar
- Arne Jan Sollied	skrivar
- Grethe Leikny Gjerde	kasserar
- Karen Simonnes Aanes	styremedlem
- Leif Røren	1.vamedlem
- Gunnar Kongsnes	2.vamedlem
- Reidar Braute	3.vamedlem

#### **Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:**

- Teknisk utval:	5 medlemmer – leiar Jan Petter Aasen.
- Skriftnemnda:	6 medlemmer – leiar Bjørn Steinar Skarbø

- Paktarhusnemnda: 5 medlemmer – leiar Ove Eide.
- Fotoregrering: 5 medlemmer – leiar Gunnveig Sollid Skilbrei.
- Postveg nemnda: 5 medlemmer – leiar Ivar Holmeide.
- Kalenderkomite for 2018: Eli C. Kjersem – Jorunn Solnørdal Myren. Vara: Tore Gjære
- Revisorar: Kolbjørn Gjære – Mons-Olav Walgermo.
- Valnemnd for 2018: Jarle Erstad (kallar saman) – Jan Lande – Magni Lande.

## STYRET.

Styret har i meldingsåret (frå årsmøte til årsmøte) hatt sju (seks i 2017) møte:

11. april – 6. juni - 22. august – 12. september – 28. november – 16. januar - 27 februar.

Styret har handsama 65 + (67 i 2017) protokollerte saker.

Medlemstalet i 2018: 278 (276 i 2017) inkl. tre verksemder – jf. årboka for 2018.

Medlemsverving rett før jul 2017 og 2018 ga eit titals nye medlemmer!

Medlemstal 31.12.18: ca. 308

På sammøte mellom styret og nemnder/utval 11. april 2018 vart arbeidsoppgåver/årsplan og prioriteringar drøfta og vedtekne.

**Frå styreprotokollen** tek vi med dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Supplerande val i høve årsmøtet
- ✓ Konstituering av styret for 2018.
- ✓ Olav Oksvik stiftinga.
- ✓ Biletsamling frå familien Stavdal
- ✓ Nytt frå nemndene på alle møte.
- ✓ Budsjett 2018.
- ✓ Visit Sjøholt. Kveldsetene 2018 – tema – fordeling av oppgåver – gjennomføring.
- ✓ Driftsavtale vedk. vedlikehald av Postvegen. Statens vegvesen står att.
- ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – førebuing - arbeidsoppgåver – prioritering oppgåver.
- ✓ Kraftverket i Ørskogfossen. Avtale med Ørskog Energi på plass. Vedlikehald.
- ✓ Ørskogdagane – førebuing av deltaking – eigen stand 26. mai 2018. Evaluering.
- ✓ Ørskogkalenderen – samarbeid med Ørskog Rotary. Kalender for 2019.
- ✓ Paktarhuset – vedlikehaldsarbeid taket – rydding – arkivering - økonomi m.m.
- ✓ Bygdevandring – Lande/Bårdsgjerde – 26. august 2018.
- ✓ Medlemsverving – jf. Ørskogdagen.+ v/stand rett før jul. Auka medlemstal!
- ✓ Postvegen. Orienteringar. Vedlikehald
- ✓ Nemndleiarane har teke del på styremøta.
- ✓ Opptrykk av årsskrift, hefte – supplering.
- ✓ Prisar årbøker, hefte m.m.
- ✓ Rutinar ved søknader – utbetalingar og liknande.
- ✓ CD-orginalar – lagring – utlån
- ✓ Postveg marsjen ikkje arrangert siste åra.
- ✓ Økonomirapportar.
- ✓ Årbok og namnebok 2018.
- ✓ Førjulssal av årboka – medlemsverving m.m.
- ✓ Kulturminneplan - kontakt med kommunen. Kommunal plan ferdig i 2019?
- ✓ Årsmøte 2019 – førebuing.
- ✓ Årbok og kalender – rutinar ved utsending.
- ✓ Gåve frå Ørskog Sparebank og Ørskog kommune. Jf. rekneskap 2018.

- ✓ Gåver – laget får jamt tilbod om å ta vare på gjenstandar m.m. Registreringsarbeid.
- ✓ Arbeidet i nemndene – rapportar – sammøte.
- ✓ Ei rekkje skriv og meldingar og førespurnader.
- ✓ En del av sakene ovanfor har gått igjen på fleire møte.
  
- ✓ ***Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemndene – der vi tek med:***
- ✓ Årbok for 2018 + inkl. namnebok for Ørskog.
- ✓ Fotoregistreringsarbeidet – registrering av gamle bilete.
- ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet.
- ✓ Postvegen – jf. eiga nemnd. Vedlikehald.
- ✓ Paktarhuset - ymse arbeid. Lekkasje taket er no ordna Tilskot til dette frå Fylkeskulturavdelinga.
- ✓ Oppgåver for/frå teknisk utval.

### **Kveldseter/bygdevandring.**

Styret har hatt hovudansvaret for desse:

I meldingsåret (mars – mars) har kveldsetene vore avvikla med desse **7 emna + bygdevandring**: Tal frammmøtte i ( ):

- 4. april 2018: ØIL 100 år (26). Kjell Opsal
- 2. mai 2018: Skulehusa i Ørskog (ca 30). Ragnar Bakken.
- 26. aug. 2018: Bygdevandring Lande/Bårdsgjerde (45).Tore Gjære m.fl.
- 12. sept. 2018: Gamle Ørskogbilete (20). < Siv Krokfoss.
- 3. okt. 2018: Fiske på Ørskogvika. (29) Ola Rotnes og Waldemar Ørskog.
- 7. nov. 2018: Frå embetsmannsstyre til rådmannsvelde? (28). Einar Landmark.
- 12. des. 2018: Årbok 2018 (13). Skriftnemnda. Bjørn S. Skarbø – Ragnar Bakken m.fl.
- 6. feb. 2019: På sykkel rundt Jostedalsbreen Del 1. (33). Jon Slyngstad.

Samla frammmøtte: 179 (176 i 2017) på kveldsetene og 45 på bygdevandringa

Det er så langt planlagt seks kveldseter vidare i 2019. Bygdevandring i august 2019 vert lagt til Hjellestranda – hallvarsæter - Viset. Det vi ikkje rakk over i 2017. April gamle Ørskogbilete. Mai Gamle og nye kraftverk i Vaksvika. Årsmøte 6. mars 2019. Hausten 2019: 4 kveldseter der tema ikkje er fastlagde.

Samlingane har vore på Kyrkjetoget eller på stader utanfor – jf. tema.

Samla oversyn over alle kveldsetene sidan 1998 - også planlagde kveldseter og bygdevandringar - finn vi på laget si heimeside: [www.orskog.historielag.org](http://www.orskog.historielag.org)



### **Paktarhusnemnda.**

- ✓ Medlemmer: **Ove Eide** (leiar) - Leidulv Reite – Kåre Myren – Turid Valbø Haddal – Magnhild Schmidiger.
- ✓ Aktivitets-museumsnemnda og husstyret vart slegne saman på årsmøtet i 2014. Dette har vist seg å fungere godt. Resultat Paktarhusnemnda.

Leiar for nemnda har levert denne rapporten 07.02.19 for 2018:

### **ØRSKOG HISTORIELAG**

#### **PAKTARHUSNEMNDA:**

#### **Aktivitetar i 2018:**

- 26. mai var vi med og arrangerte historielaget si deltaking under Ørskogdagen. Vi hadde stand med sal av publikasjonar ved sidan av laget si stoltheit, lokomobilen. Det er alltid kjekt ved slike høve, at bygdefolk eller andre kjem innom standen for å fortelje oss noko vi kanskje ikkje visste frå før, kanskje spørje oss om noko, eller berre slå av ein prat.
- Paktarhuset inneheld eit museum, eit arkiv og eit bibliotek. Desse samlingane er eit resultat av at vi kvart år får inn historisk verdfulle saker som gjevarane vil at historielaget skal ta vare på. Paktarhusnemnda har ansvaret for dette, og gjer frå tid til anna ein innsats med henting, registrering, fotografering, merking m.m.

Også i 2018 fekk vi inn relativt mykje. Vi kan nemne gamle brev, dokument, rekneskapsbøker og protokollar, fotografi på papir og glasplater, gammalt skulemateriell, gardsreiskap og –utstyr, plakatar, sær oppgåver m.m.

- Vedlikehald av Paktarhuset har i 2018 i hovudsak dreia seg om reparasjon av ein taklekkasje. Firmaet Løvhammer rigga opp stillas og fekk gjort det som måtte gjerast for å få taket tett. Elles foregår det stadig dugnadsarbeid innandørs.
- Paktarhuset er ei freda bygning og arbeid med bygningsvern kan gi grunnlag for støtte frå kulturavdelinga i Fylket. Søknad om slik støtte, krev omfattande dokumentasjon, noko som nemnda har jobba med i 2018. Møter og synfaringar med representant for fylkeskonservatoren inngår i slikt arbeid.
- Vi har lånt ut nokre gjenstandar til Runa Klock si utstilling i Sjøholt Næringsbygg av saker frå Ørskog-verksemdar.
- Vi har hatt besøk frå Stordal Sogelag, som fekk ei innføring i vårt registreringssystem.
- Vi har hatt to samlingar i nemnda, der vi har stelt hekken, prydbusker, blomsterbedd, frukttre m.m. På hausten valde vi å kappe hekken heilt ned, for på sikt å få ein finare hekk opp igjen.

Ove

### **Skriftnemnda.**

Medlemmer: **Bjørn Steinar Skarbø** (leiar) – Øyvind Danielsen – Olav Jan Bårdsgjerde – Jostein Tomren – Karin Årdal – Odd Saure.

Skriftnemnda har levert denne rapporten for 2018:

### **Årsmelding frå Skriftnemnda 2018**

Medlemmer i skriftnemnda har vore Olav Jan Bårdsgjerde, Øyvind Danielsen, Jostein Tomren, Odd Saure, Karin Årdal og Bjørn Steinar Skarbø.

Skriftnemnda har også i år vore supplert med medlemmer i Namnenemnda i Ørskog, Tore Gjære og Ragnar Bakken, i samband med arbeidet med namnebok-delen av årboka. Ei spesiell takk til dei for stor innsats i dette arbeidet.

Skriftstyret har hatt rundt sju-åtte møte. Møtestaden har vore Gamlebanken eller Skarbø skule. Namnenemnda har hatt to møte knytt til arbeidet med namnebok-delen.

Namnebokdelen var også i år eit utvida opptrykk av namnetilfang som er utarbeidd av Namnenemnda i Ørskog og handsama i ulike vedtaksorgan. I år med nye namn på vegar som måtte få nye namn i samband med at Ørskog blir ein del av «Nye» Ålesund kommune. Vidare namn på sætrevegar, bruer, elvar og andre objekt.

I tillegg kom ein artikkel ført i pennen av Ragnar Bakken om arbeidet med namnsetting i Ørskog. Dette vart samla i fyrste del av boka.

Etter namneboka kom så det tradisjonelle historiestoffet. I år som tidlegare har det vore stor velvilje og stor skriveaktivitet hos mange som har kome årboka vår til gode. Det har i hovudsak vore stor velvilje hos dei vi har spurt om å bidra; om enn ikkje hos alle. Og det er dei som tilbyr stoff (nesten) på eige initiativ. Det er vi spesielt glad for. Spesielt glad er vi dette året for artiklar som skildrar vanlege folks liv i historiske tider. Desse ført i pennen av Ole Øystein Nybø og Arne Tøsse. Elles er det ofte personar frå leiande lag i samfunnet som vert skildra i slike forteljingar

Hovudsaka i år var artikkelen til Jostein Tomren om minner frå oppveksten med Sjøholt som leikegrind. Den andre hovudartikkelen var om Gausnesgarden ført i pennen av Odd Saure.

I år er det Siv Krokfoss som har levert bilde og bildetekstar til «Fotoperler frå Ørskog, og ho har gjort ein flott jobb. Tilbakemeldingane kring desse bilda er svært positive.

Annonsane til årsskriftet gjekk det også i år greitt å få inn, og vi er svært takksame for at næringslivet i Ørskog støttar årsskriftet på denne måten.

Boka vart i år på 168 sider mot ca. 140 i fjor. Dette skuldast det gode stofftilfanget.

## **Innholdsliste Årbok 2018**

### **Namnebok-delen**


- ✚ Om arbeidet med namnsetjing i Ørskog av Ragnar Bakken
- ✚ Nye vegnamn vedtekne i 2018
- ✚ Namn på sætrevegar
- ✚ Namn på elvar
- ✚ Namn på bruer
- ✚ Namn på andre objekt

### **Årbok-delen**

- ✚ Fjellgarden Gausnes av Odd Saure
- ✚ Preikestolen på Gausneset av Tore Gjære
- ✚ Med Sjøholt som leikegrind av Jostein Tomren
- ✚ Anne Sofie von Cappelen av Karin Braute
- ✚ Cappelen-slekta på Sjøholt av Solveig Viseth
- ✚ Cappelen-slekta i Sykkylven av Geir Liavåg Strand
- ✚ Fem kulturminne i Ørskog av Tore Gjære
- ✚ Pauline Margrete Nikolaisdr. av Ole Øystein Nybø
- ✚ Gustav Martin Kjeldstadli, forpaktar og ljåsmed av Ole Øystein Nybø
- ✚ Olivia Tennfjord av Arne Tøsse
- ✚ Brannvern med torvtak av Einar Landmark
- ✚ Krigsradioen i Bårdsgjerde av Olav Jan Bårdsgjerde
- ✚ Petter Olaus Strømme av Lars Olaus Strømme, avskrift v. Einar Landmark
- ✚ 12 prioriterte kulturminne i Ørskog av Ove Eide
- ✚ Fotoperler frå Ørskog av Siv Krokfoss



- ✚ Hendingar i 2018 av Bjørn Steinar Skarbø
- ✚ Ørskogprisen 2018 av Bjørn Steinar Skarbø
- ✚ Årsmelding Ørskog Historielag ved Ragnar Bakken
- ✚ Medlemmer i Ørskog Historielag



Boka vart i år seinare ferdig enn ønskjeleg. Det skuldast parallelt engasjement for leiar med jubileumsbok for Ørskog Idrottslag.

Skriftnemnda har også i år samarbeidd med «Språksmia» i Valldal om montasje og administrasjon av trykking hos «Lasertrykk». Vi er framleis svært nøgd med svært god utforming på boka og like eins god trykkekvalitet. Prisen er også fordelaktig.

Presseomtale av årsskriftet har vi i skrivande stund fått i Bygdebladet.

Vi er glade for at årsskriftet vert godt motteke mellom laget sine medlemmer og andre som kvart år sikrar seg eit eksemplar. I alle fall så langt vi erfarer.

Skriftnemnda vil rette ein varm takk til alle forfattarar, fotografar og annonsørar for bidrag til årboka. De er heilt avgjerande for at vi klarar å gje ut denne boka år for år.

Ørskog 30. januar 2018

Karin Årdal, Jostein Tomren, Odd Saure, Øyvind Danielsen, Olav Jan Bårdsgjerde  
og Bjørn Steinar Skarbø


## **Teknisk utval.**

Medlemmer: **Jan Petter Aasen** (leiar) – Svein Barlindhaug – Terje Nybø – Børre Tennfjord – Terje Haaheim.

Vi tek med rapportering frå nemnda om arbeidet dette året:

### **MELDING FRÅ TEKNISK UTVAL FOR 2018**

- Leiar kan melde om eit litt roleg år i teknisk utval.
- Rydding av noko kratt ved kvernhuset i Wenzellelva rett før 17. mai.
- Lokomobilen vart i 2018 ikkje starta på Ørskogdagen i mai. I 2019 har vi fått klarsignal frå arrangøren.
- Avtale på plass mellom Ørskog Energi og ØH for det som gjeld kraftverkbygget i Ørskogelva – 10 års leigeavtale er godkjend av begge partar.
- Kraftverkbygget – skifta låsar – alt bør no vere på stell.



**Lokomobilen på Bergenstur i august år 2000. Godt mottaken der!**

**Hans O. Sjøholt – Svein Stene – Tore Tenfjord.**

## **Fotoregistreringsgruppa.**

Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog.

**Gunnveig Sollid Skilbrei** har vore leiar i gruppa siste året. Dei andre medlemmene i gruppa har vore: Jon Abelseth, Pål Viset, Siv Krokfoss og Terje Misund. All registrering av opplysningar til avfotograferte bilete vert no gjort direkte på Internett.

### **Fotoregistrering 2018 – notat ved Gunnveig Sollid Skilbrei:**

#### **Fotoregistreringsgruppa**

Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog.

Gunnveig Sollid Skilbrei har vore leiar for gruppa siste året. Dei andre medlemmene i gruppa har vore: Jon Helge Abelseth, Siv Krokfoss, Terje Misund og Pål Viset. All registrering av opplysningar til avfotograferte bilete vert gjort direkte på Internett.

#### **Fotoregistrering 2018**

Ole Øystein Nybø har i mange år gjort ein stor innsats for registrering foto.

Ei stor takk til Ole Øystein Nybø som deler kunnskapen sin med Siv Krokfoss. I juni gav han henne opplæring og gjennomgang av databaser og system i Fylkesfotoarkivet sin database.

Siv Krokfoss er ansvarleg for digitalisering av bilete og å få dei registrert i Fylkesfotoarkivet sin database. No ligg det 2436 bilete i fotosamlinga som har noko med Ørskog å gjere. Sidan juni er det registrert inn 300 bilete.

Gruppa har motteke fleire private fotoalbum. Nokre av bileta er digitalisert og innhenta informasjon om. Dei er registrert inn i Fylkesfotoarkivet, men teksten er ikkje lagt inn i basen enno.

Vi har motteke 200 glasplater frå familien Stavdal. Fotograf er Sivert Stavdal. Desse bileta er digitaliserte og det er innhenta tekst på dei som det er identifiserte noko om. 168 av desse er no registrerte i Fylkesfotoarkivet.

Takk til alle som har lånt oss fotosamlinga si. Det er ofte vanskeleg å identifisere personar og hendingar. Takk for hjelpa til dette arbeidet.

«Gamle bilder fra Ørskog» er ei lukka gruppe i Facebook. Mange av bileta som er registrerte gjennom Historielaget blir og lagt inn i denne gruppa. Bileta er organiserte i digitale album. Ved å bruke Facebook oppnår ein å nå eit større publikum som kan gi informasjon om personar og hendingar.

For ei tid sidan skifta Fylkesfotoarkivet database og samtidig endra adresse. Den nye er:

<http://foto.fylkesarkivet.no>



**Prestegarden i Ørskog langt tilbake.**



**Karane i båten har snart fått ombod att "byksenota" etter eit kast, og fangsten vil snart vise seg. Vi er i Storvika ein gong på 1960-talet, truleg ein jonsokkveld. Fin stemning med færing, kano, folk, båt, sjø.**

**(Registrert av Åse Karin Gjære.)**

**St.Hansbål, båtar, strand, folk, fiskenot, landskap,**



**Her står Sivert Stavdal (1881-1965) bak kateteret, som han gjorde i mange år. Han var fødd i Stordal i 1881 og vaks opp på Stavdalshaugen i lag med foreldra sine Lars og Ane Peterine og 9 søsken.**

**Sivert gjekk lærarskule i Volda og studerte ved Universitetet i Oslo, før han starta opp si lærargjerning i Vega, seinare i Rendalen. Ved Ryfylke fylkesskule underviste han også før han kom til Søndmøre Amtskole på Ørskog der han byrja som styrar på nyåret 1911. I 42 år var han skulestyrar og lærar ved skulen som skifta namn til Sunnmøre Fylkesskule, og dei siste åra den var i drift hadde den namnet Ørskog interkommunale realskule.**

**Vi har ikkje mykje informasjon om bilete, men kan stadfeste at han her står ved kateteret i storskulen (?).-**

**(Registrert av Ørskog Historielag v/Siv Krokfoss.)**

## **Digitaliseringa av kyrkjebøkene – Arbeidet avslutta/ferdig i 2016:**

Etter mykje arbeid og stor innsats kom vi i mål (2016) med arbeidet som starta på i 2002 med å digitalisere kyrkjebøkene for Ørskog prestegjeld.

Alle dei 11 eldste bøkene som til no er offentleg tilgjengelige er avskrivne, korrekturlest **og innsendt til Digitalarkivet via ein koordinator for kyrkjebokregistreringa i Møre og Romsdal i foreininga Slekt og Data.**

## **Postveg nemnda - «Den Trondhjemske Postvei».**

**Eiga nemnd:** Ivar Holmeide (leiar), Elling Ødegård, Kristian Tøsse, Norvald Sjøholt og Odd Asbjørn Nybø.

Nemnda v/leiar har levert denne rapporten:

### **ÅRSMELDING 2018 POSTVEGNEMNDA:**

Ivar Holmeide/ leiar Postveg nemnda skriv dette:

Postveg nemnda har i 2018 vore Kristian Tøsse, Odd Asbjørn Nybø, Norvald Sjøholt, Elling Giskemo Ødegaard og Ivar Holmeide.

Nemnda hadde planleggingsmøte for året den 24.5. og alle møtte med unntak av Elling G. Ødegaard som var forhindra.

Det vart vedteke at vi 28.mai skulle rydde postvegen på strekninga frå Ryssebøen til krysset med vegen til Gausnestoppen eller så langt vi kom den dagen. Det var behov for både fjerning av ein del krattskog og busker som hadde vakse inn i vegen og vidare hadde ikkje graset blitt slått på vegkantane dei siste par åra. Mindre skader på vegen vart reparerte og hol i vegen fylte opp. 4 mann deltok på dugnaden som varte fram mot 7 timer inkl. ein flott lunsj med medbrakt niste og kaffi.

Skade på vegen like etter avkøyrse frå Ryssebøen er ikkje blitt reparert etter tidlegare flomskade grunna for liten dimensjon på rør gjennom vegen. Dette vart lova tatt hand om av Braute Maskin AS igjen, men her har ikkje noko skjedd.

I samband med dugnaden 28.5.19 hadde 3 av oss også ei synfaring på postvegen fra Gjære til Tverrelva, og det vart då konstatert at det her var behov for rydding på store deler av strekninga då store greiner låg inn i vegen og nokre tre hadde velta inn på vegen. Det var også mykje dødt gammalt gras på vegen.

Den 21.august fikk vi hjelp av Pål Høyberg frå Friluftsrådet som stilte med beitepussar, og vi fikk då slått heile strekninga frå Stortrøna og ned til dyrkamarka på Gjære. Formann i nemnda deltok saman med Høyberg heile denne dagen og deler av dagen var også Runa Klock saman med oss. Det vart vidare lova at vi skulle få hjelp av Friluftsrådet til å slå vegen med beitepussar også i 2019.

Leiar i Historielaget hadde saman med Tore Gjære og underteikna ei synfaring av vegen frå Gjære til Tverrelva for å få fastslått eigedomsgrensene på dei ulike parsellane.

Den 24.9. deltok leiar i Postvegneymda på ein arbeidsdag saman med representantar frå Statens Vegvesen, Historisk avd. hos Vegvesenet samt Runa Klock. Vi undersøkte då heile strekninga frå Vestnes grense til Haugsetra med tanke på å finne gamle attgrodde stikkrenner samt foreta målinger av vegbreidde samt grøfter på sidene av vegen.

Den 4. desember deltok leiar saman med Runa Klock og Anniken Aakvik på eit seminar på «Bergtatt» i Eide i regi av Møre og Romsdal Fylkeskommune. Tema var Kulturarven i Møre og Romsdal, under tittelen « Ein bit av historia».

I løpet av februar 2019 skal Møre og Romsdal Fylkeskommune, Kulturavdelinga halde eit postvegseminar på Vestnes den 14.2.2019 med første prosjektperiode 2019-2021 som tema.

Ivar Holmeide/ leiar Postvegneymda

---

### **Postvegen – eit flott kulturminne – ein fin turveg.**

***Turveg frå Russebøen:** Denne delen av Postvegen startar på Russebøen og tek av frå skogsvegen som fører til Hestvika. Du tek av til venstre ved Sjøholt Camping, opp ei til dels bratt stigning på det som var ein kjerreveg. Ørskog kommune, skuleelevar, lag og organisasjonar har siste åra kvista og opparbeidd vegen til om lag den standard han ein gong hadde. Underlaget er delvis grasdekt og bakkane opp til toppen er eit godt middel til å få opp pulsen.*

***Kulturminne:** Postvegen gjennom Ørskog, er ein bit av den gamle postruta mellom Bergen og Trondheim og vart bygd rundt 1780. Vegen startar i fjøra på Amdam. Dit kom posten sjøvegen frå Stranda. Så går vegen over markane på Amdam og Nedrevoll, til han går over høgdedraget Kleivane (høgste punktet på turvegen), mot Sjøholt. Der går han forbi prestegarden og vidare opp Landedalen til Vestnesgrensa på Ørskogfjellet. Også delar av denne strekninga er opparbeidd i seinare tid.*

### **POSTVEGMARSJEN**

**Postvegmarsjen** vart arrangert for 14. gong 11. september 2016. I 2017 vart det av ymse grunnar ikkje arrangert Postvegmarsj. Dette var også tilfelle i 2018. Gått ut på dato – eller?

Marsjen har vore eit samarbeidsprosjekt mellom Ørskog I.L., Ørskog kommune, Friluftsrådet og vårt eige lag.

## NETTSIDE

**Nettsider Ørskog historielag:** Laget har i fleire år hatt egne nettsider. Laget vil også i denne årsmeldinga rette ei stor takk til Tore P. Gjære.

Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: [www.orskog.historielag.org](http://www.orskog.historielag.org)

Innhald: Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle Sjøholt.

*Ørskog Historielag*



[ [Framside](#) ]

Velkomen

Ørskog Historielag vart skipa i 1985, og har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til bygdene i Ørskog kommune



Vi har no eit medlemstal på ca 300, og vi arbeider med ulike restaureringsoppgåver i tillegg til at vi gir ut årsskrift og arrangerer møte og tilstellingar. Vern av kulturminne er også ei prioritert oppgåve



## **Olav Oksvik – stiftinga.**



FABT 1306. Foto: Zora Vlast - Ørskog Historielag / FylkesFOTOarkivet 2017 Copyright: CC-BY

**Olav Oksvik (1887-1958) var sju år gamal då han i 1894 kom til Ørskog saman med familien frå Stranda. Olav var eldst av seks sysken som vaks opp på bnr. 10, Hammaren på Apalset. Han vart ein markant politikar som stortingsrepresentant for arbeidarpartiet frå 1928 til 1953.**

**Portrett, politikar, stortingsmann, fylkesmann,  
Ørskog, Apalset 1945 - 1955**

Dette er ei stifting som skal ta seg av gjenstandar, dokument m.m. etter Olav Oksvik. Målsetjinga er å få på plass ei samling i Ørskog. I 2012 -14 vart gjenstandar og dokument henta og mellombels lagra lokalt. Noko står att å hente. Registreringsarbeidet er utført. Det vert arbeidd med å finne ei permanent plassering av samlinga. Dette har diverre ikkje lukkast etter å ha arbeidd med saka i sju år. Vi hadde venta meir hjelp frå kommunen! Stiftinga arrangerte «Oksvikseminar» på Ørskog samfunnshus i februar 2018.

**Samferdselspolitikk knytta til Møreaksen- Romsdalsaksen K2/K3** stod på dagsorden. Dette vart eit vellukka arrangement. Det er nedfelt i stiftinga sine vedtekter at eit seminar skal finne stad kvart år. Seminar i 2019 er planlagt til august dette året. **Frå Ørskog Historielag er desse valde som medlemmer: Valborg Haugen, Ola Gram og Mons-Olav Walgermo. Brynje Vethe, Åse P. Gjerde og Ragnar Bakken er personlege varafolk.**

**Frå kommunen er valde: Arild Aanes - leiar - og Karl Johan Vaksvik.**

Ørskogkalenderen.

# Ørskogkalenderen 2019



**Ørskogfjellet i retning Skorgedalen ein fuktig dag i slutten av september 2018, då ein fin regnboge kom fram. Foto: Helga Kalvatn Holmeide.**

Ørskog Historielag og Ørskog Rotary har i ei rekkje år gitt ut Ørskogkalenderen.

For 2014 vart det ikkje laga kalender. I løpet av 2014 vart det klart at ØH og ØR på nytt gjekk inn i samarbeid om å få laga ein kalender for 2015. Økonomien vart sikra gjennom støtte frå lokale verksemder – mot reklame i kalenderen. Slik var ordninga også i 2016 og samarbeidet held fram og ny kalender for 2017 var ferdig i god tid før jul. Samarbeidet ga også resultat for 2018. Kalender for 2019 kom på plass også denne gongen som eit samarbeid mellom dei to laga. Alle husstandar har fått kalenderen for 2019. Han er dessutan til sals. Vi vonar at vi i åra som ligg framføre, kan halde fram med kalender der Ørskogbilette vert presenterte. Frå Ørskog Historielag var desse valde for å ta del i arbeidet: **Eli Cathrine Kjersem og Jorunn Solnørdal Myren.** Varamedlem Tore Gjære. Takk også til velvillige sponsorar.

## **Rekneskap for året 2018:**

Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet 6. mars 2019. Kasserar har vore Grethe Leikny Gjerde. Rekneskapen er ført av Økonomiservice A/S.

## ØRSKOG HISTORIELAG – ØRSKOG KOMMUNE.

Vi er ofte avhengig av at ØH og Ørskog kommune har eit tett og positivt samarbeid. Det gjeld i mange saker og som bør vere av felles interesse. Dette samarbeidet kan seiast å vere i hovudsak godt. I mange samanhengar blir vi møtt med positive utsegn både frå administrasjon og politisk hald. Ved fleire høve har styret vore innom tilhøvet til kommunen – i heilt konkrete saker. Vi tek her med nokre døme på slike saker/område – med både ros og litt ris:

- ØH saknar ei meir aktiv haldning og positive tilbakemeldingar knytta til dei oppgåver og prosjekt vi arbeider med. ØH ønskjer såleis ei høgare prioritering av kultursaker og spørsmål frå kommunen si side.
- Også i år tek vi med: ØH ser det ønskjeleg med ei vesentleg styrking av administrasjonen og prioritering i ØK knytta til kultursaker. ØH ser fram til at dette kjem på plass. Vi er spente på 2020 og ny kommune.
- ØH saknar ein kulturplan – og så langt også ein kulturminneplan. Arbeidet med ein kulturminneplan er no kome i gang frå kommunen si side. Samarbeid med ØH i denne saka er viktig i planarbeidet. Dette er på plass. Målet er ferdig plan i 2019!
- ØH er glad for at vi no etter fleire års arbeid har fått på plass ein avtale om vedlikehald/drift av Postvegen. ØH er glad for støtte til Postvegen i 2016/17 – mindre tilfreds med nei til søknaden for både 2018 og 2019 – jf. budsjett utan nye løyvingar til strekninga Haugsætra – Vestnes grense.

Det er ikkje alltid at kronetalet er avgjerande. Haldningane og prioriteringane bak vert alltid lagt merke til. Frivillige lag og organisasjonar er avhengige av kommunen – like avhengig er kommunen den andre vegen. Samarbeid og positive handlingar og vedtak vil gjere at oppgåver – også innan kultursaker – vert best mogeleg løyste – til glede for alle i kommunen.

### **Framover – oppgåver for 2018 og åra deretter.**

Styret har som målsetjing - snarast etter årsmøtet 6. mars 2019 – å halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp arbeidsprogram/årsplan for året 2019.

Pågåande oppgåver og drøftingar på årsmøtet vil leggje føringar for komande årsplan.

***Vi tek her med viktige prosjekt – til drøfting på årsmøtet og vidare handsaming på sammøte mellom styret og nemndene. Vi vil ta steg vidare også i 2019:***

- ✓ Postvegen -vidare arbeid over Ørskogfjellet. Rydding og vedlikehald for heile strekninga gjennom Ørskog.
- ✓ Driftsavtale for vedlikehald av Postvegen. Avtale med Statens Vegvesen står att. Kome i mål og setje planen ut i livet! Dette har teke tid kan vi nå målet i 2019?
- ✓ Paktarhuset – drift og vedlikehald. Noko renovering innadørs pågår og må halde fram.
- ✓ Olav Oksvik stiftinga – ØH er sentral i denne. Registreringsarbeid. **Finne lokale!** Halde konferanse til hausten.
- ✓ Kvernhuset – vedlikehald – oppstart – eventuelle demonstrasjonar.
- ✓ Kraftstasjonen – følgje opp avtalen med Ørskog Energi A/S . Litt vedlikehaldsarbeid – årleg rydding Forefallande arbeid.
- ✓ Malmbana vedlikehald.
- ✓ Lokomobilen. Vedlikehald. Oppstart/demonstrasjon på Ørskogdagane o.a.
- ✓ Deltaking/markeringar med stand på Ørskogdagane – siste helga i mai 2019..
- ✓ Årbok nr 298 – for år 2018. Innhald og arbeid med boka.
- ✓ Ørskogkalender - halde fram samarbeidet med Ørskog Rotary. Kalender for 2020.
- ✓ Gåver – jf. vedtekne retningslinjer for mottak av gåver m.m. - registrering/arkiv.

- ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid. Innsamling av bilete held fram.
- ✓ Kulturminnedagane 2019: **Kulturminnedagane markeres 7.-15. september 2019 med tema «fremtidens kulturarv».**



**Bruk Kulturminnedagene 2019 til å legge grunnlaget for hva som blir fremtidens kulturarv. Ditt engasjement og din kunnskap er verdifull. Formidler du din kunnskap og historie, og lytter til andres, får vi et inkluderende perspektiv og en levende kulturarv som er bærekraftig og engasjerende. Samtidig økes den kollektive bevisstheten rundt vår mangfoldige historie.**

#### **Barn og unge**

Gjennom Kulturminnedagenes tema for 2019 «fremtidens kulturarv» inviteres arrangører til å spesielt involvere barn og unge. Inviter gjerne barn til å reflektere rundt hva kulturarv er og hva som definerer den lokale kulturarven, ved kysten, på innlandet eller i byen. Kulturarv defineres ofte som «spor etter menneskelig aktivitet». Hvilke spor setter vi i dag som er viktige å dokumentere og ta vare på for fremtiden? Hver dag setter vi digitale, fysiske og immaterielle spor som kan si noe om tiden vi lever i. Samtidig kan mangelen på spor være et vitne på endringer i samfunnet. Er det rom som ikke besøkes, historier vi glemmer eller kunnskap som forsvinner, som vi kan løfte og skape aktivitet rundt?

**Kveldseter med om lag seks arrangement pr. år – viktig møteplass!**

- ✓ Bygdevandring – behovet/interessa for slike er klart til stades. Vaksvik/Viset i 2019.
- ✓ Medlemsverving. Eit alltid vedvarande arbeid! Medlemspleie.
- ✓ Kulturminneplan – samarbeid kommune og historielag.
- ✓ Ole Dreng-huset – ta kontakt eigarar og med Storfjordens venner.om restaurering
- ✓ Andre typar arrangement som kjem til – vert vedtekne..



**Frå prøveboringa etter malm i Liafjellet rundt 1950. Borehytta står her på nordsida av fjellet mot Solnørdal. På denne sida av fjellet bora dei i alt åtte loddrette hol, det lengste var på heile 324 meter. Dei to karane vi ser er ukjente. (Registrert av Ole Øystein Nybø for Ørskog historielag.) Kjærneboring, menn, fjell, boretårn, gruvearbeid, jernmalm,**



### Ørskog Historielag 2018 – med fokus på:

- ✓ Ørskog historielag si årbok og namnebok i eitt – årbok nr 28!
- ✓ Paktarhuset – eit «minimuseum» - arkivstad – vedlikehald. Taket er tett!
- ✓ Samarbeidspartnar for ein kulturminneplan i Ørskog. Ferdig i 2019!
- ✓ Utval og nemnder gjer eit jamt godt arbeid! Kraftstasjonen – avtale med Ørskog Energi A/S.
- ✓ Postvegen – ei sentral oppgåve for laget. Haugsætra – Vestnes grense neste.
- ✓ Vellukka bygdevandring på Lande og opp til Bårdsgjerde.
- ✓ Mange fine og godt besøkte kveldseter.
- ✓ Nemnda for fotoregistreringa gjer eit godt arbeid!
- ✓ Lokale til Oksviksamlinga må no kome på plass.
- ✓ Fotogåve frå familien Stavdal!
- ✓ Auke i medlemstalet – no over 300.
- ✓ Driftsavtale om Postvegen nesten på plass. Vegvesenet står att!

Frå styret rettar vi ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2018.

Kvar årsmelding siste åra har med eit gammalt ord som vi finn på laget si internettside:

**”Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot.”**

Styret i Ørskog historielag år 2018.

Ragnar Bakken – skrivar –



**Nysæterstova med den gamle og den nye vegen (1935-1945)**

**Fotograf: Ukjend Eigar: Ole Øystein Nybø**

